# Søknad

| | | |
|---|---|---|
| **Søknadsår** | 2015 | **Vår arkivsak:** |
| **Støtteordning** | Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland | |
| **Prosjektnamn** | Etablering i Hardanger av Norsk Natursenter | |

**Kort beskriving**
Etablering i Hardanger av Norsk Natursenter , eit opplevingsenter for norsk natur, klima og miljø. Sjå vedlagde konsepbeskivelse frå Sarner.

**Prosjektbeskriving**
Detaljert konkurranseprosjekt innlevert frå Sarner , London, viser det nye konseptet med bilete tekst og beksrivelse.

## Kontaktopplysningar

| Funksjon | Namn | Adresse | Poststad | Mobil |
|---|---|---|---|---|
| **Søkjar/prosjekteigar** | Eidfjord kommune | Simadalsvegen 1 | 5783 EIDFJORD | - |
| **Kontaktperson** | Geir Underhaug | - | 5783 EIDFJORD | - |
| **Prosjektleiar** | Oddvar Brakestad | Hardangervidda Natursenter Eidfjord | 5784 ØVRE EIDFJORD | 91167511 |

**Motteke offentleg støtte tidlegare:** Nei
Ikkje til eit regionalt næringsprosjekt for oppleving og reiseliv..

## Spesifikasjon

**Bakgrunn**
Hardangervidda Natursenter Eidfjord har i 20 år etablert seg som eit atttraktiv opplevings- og informasjonssenter lokal, regional og nasjonal verdi. Senteret har skapt reiselivstrafikk og gjeve naturinformasjon. Senteret har fornya seg med 5 års mellomrom i heile driftsperioden.
Denne gongen tek HNE mål av seg å gjera ein hovudrevisjon av eksisterande oppleving og informasjonstilbod. Det omsøkte prosjektet med tittelen Norsk Natursenter skal skapa eit heilt nytt moderne og tidsriktig natursenter med nasjonal fokus på norsk natur, klima og miljø.

Det er kjent at opplevingssentre er ein stadig viktigare del av attraksjonstilbodet i Norge. Då er såleis ein del av basiselementa i produktet som er med på å skapa reiselivsetterspurnad i Norge, og er difor med på å legge etterspurnad også i dei andre delar av næringa (overnatting, servering, handel,

transport mv.).
Etablering av opplevingssentra har både direkte- og indirekte verknad. Den direkte verknaden er viktig (sysselsetting mv.) men få av dei eksisterande sentra kan drivast på reint bedriftsøkonomisk grunnlag. Grunngjevinga for å etablera slike sentre er difor forankra i dei indirekte verknadane dei kan ha på øvrig reise- og næringsliv. Det er summen av dei direkte og indirekte verknadane som kan forsvare at dei offentlege og andre støttar investering av slike anlegg.
Ein attraksjon med dette formålet i landet har til ei kvar tid bevisbyrden når det gjeld å forklara investeringskostnadane og inntektsmogelegheiter. Miljømyndigheitene har bidrege til etablering av nasjonalparksentre i landet, men har ikkje stilt opp med nødvendig kapital for å oppnå høg nok attraksjonsverdi og publikumsinteresse. I den grad det finst suksessar rundt i landet er det grunna lokal kapital og innsats utanom det vanlege. Eidfjord kommune meina HNE AS er ein suksess.
Drifta av senteret visar grunna god attraksjonskraft ( sjå økonomisk oversikt vedlegg) og resultatorientert drift gode resultat.
Eigenkapitalen i selskapet pr. 31. august 2015 er 4,0 mill. kr. Selskapet forrentar eit lån på 13,8 mill. kr. og ber alle årlege driftskostnadar som er relatert til drifta, inkludert vedlikehald og ein del mindre nyinvesteringar. Drifta motteke årleg bidrag frå Miljødirektoratet som autorisert nasjonalparksenter for oppfylling av rettar og plikter som er nedfelt i autorisasjons avtalen. Beløp frå Miljødirektoratet i 2015 er kr. 850.000.

**Prosjektmål**
Etablering i Hardanger av Norsk Natursenter

Det er Hardangervidda Natursenter Eidfjord etablert i 1995 og opna av H.M. Dronning Sonja som skal endra namn og innhald frå 1. april 2017.

Det er kjent at opplevingssentre er ein stadig viktigare del av attraksjonstilbodet i Norge. Då er såleis ein del av basiselementa i produktet som er med på å skapa reiselivsetterspurnad i Norge, og er difor med på å legge etterspurnad også i dei andre delar av næringa (overnatting, servering, handel, transport mv.).
Etablering av opplevingssentra har både direkte- og indirekte verknad. Den direkte verknaden er viktig (sysselsetting mv.) men få av dei eksisterande sentra kan drivast på reint bedriftsøkonomisk grunnlag. Grunngjevinga for å etablera slike sentre er difor forankra i dei indirekte verknadane dei kan ha på øvrig reise- og næringsliv. Det er summen av dei direkte og indirekte verknadane som kan forsvare at dei offentlege og andre subsidierer investering av slike anlegg.

Bakgrunn og oppgåveforståing
Hardangervidda Natursenter Eidfjord skal i framtida vera eit opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø som er lokalisert til Hardanger.
Senterets formål er å samle og spreie kunnskap om samspelet i naturen og relasjonane mellom natur og menneske. HNE skal skapa eit nært møte mellom mennesket og naturen.
Tema for utstillingane er norsk natur, klima og miljø.
Det er beslutta at senteret skal ha nasjonal betyding og det betyr at fokuset endrast frå Hardangervidda til eit meir heilheitleg fokus på Norge og norsk natur, klima og miljø,

Eit besøk på Hardangervidda Natursenter Eidfjord skal og tilføre noko ekstra til opplevinga ein får ute i

naturen. Formidlinga må spela på følelsar og skape dei gode assosiasjonane og beundring. Gjennom omsluttende og kraftfulle opplevelser skal dei besøkende bli fascinert over det vakre og storslåtte i norsk natur. De skal føle at de selv har et nært forhold til naturen, og inspireres til engasjement for at naturen har stor verdi.
Målet er å skapa ei oppleving med sterk sanse intrykk som går «rett i hjarta» på dei besøkande. Dette må vera ein ledetråd i arbeidet med vidareutvikling av senteret. HNE vurdera å skifte namn på opplevingssenteret. Hardangervidda Natursenter Eidfjord opplevast som eit langt og tungt namn utan ein klar assosiasjon. Nytt namn er ikkje funne.
Senteret skal fortsatt være eit nasjonalparksenter, men først og fremst eit opplevelsessenter. Naturen må trekkas inn i utstillinga ved hjelp av visuelle og tekniske virkemiddel som skapa omsluttende og kraftfulle opplevinger. Eit besøk på HNE skal appellera til sansane, trigga gode følelsar og sterke relasjoner mellom mennesket og naturen. Det er viktigere å inspirere til at dei besøkende beundrer naturen, enn å lære bort naturvitenskapelige fakta.
Innhold i utstillingen er tenkt formidlet på inntil syv språk: norsk, tysk, russisk, japansk, kinesisk, engelsk, nederlandsk. Tekst bør formidles gjennom eit digitalt grensesnitt som gjør det enkelt å bytte språk, skifte ut og oppdatere innhold.

**Forankring**
Med bakgrunn i dei første 20 driftsåra har styret i selskapet vurdert og analysert eige produkt og framtidig konkurransekraft i marknaden. Arbeidet har hatt som mål å avdekka forretningsmessig risiko og konkurransekraft i marknaden. Arbeidet har hatt som mål å avdekka forretningsmessig risiko med eit framtidig redusert gjestetal, samt konkretisere tiltak som kan auke konkurransekrafta og lønnsemda av investert kapital i verksemda generelt og ringverknadar av senteret sitt formål spesielt. Konklusjonane er at styret i 2014 tilrår eigaren å investera på nytt i senteret.

Styrevedtak; Styresak 03.15 og 04.15- 25.02.2015
1. Styret i Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS rår eigar av senteret til å gjennomføra nye investeringar samla kr. 25. mill. eks. mva i 2015-2016.
2. Styret i HNE AS rår eigar til å tilføra prosjektet 12,5 mill. i eigenkapital av samla ramme 25. mill. eks. mva.
3. Styret i HNE AS arbeidar på vegne av eigar med restfinansiering kr. 12,5 mill. med eksterne bidrag til prosjektet.
4. Styret i HNE AS rår eigar til å godkjenna kommunal garanti for låneopptak i HNE AS kr. 12,5 mill. til mellomfinansiering av restramme utover eigenkapital frå eigar i ein periode på 2 år frå 01.08.2015.

Eidfjord kommune som eigar av HNE AS har i heile driftsperioden føreset at selskapet har eit hovudmål at ein har kvalitet og appell i marknaden til å påverka reisande sitt val av reiserute og reisemål.

Eidfjord kommune meiner at Hardangervidda Natursenter Eidfjord er eit eksempel på kva ei vellykka etablering kan føra til på lokalt/regionalt nivå. Eit årleg gjestetal på 55-60.000 gjester gjennom 21 års drift, meir enn 1 million gjester i perioden viser at senteret framstår derfor som den tyngste (skapte) attraksjonen i indre deler av Hordaland. Gjesteundersøkingar av gjestene til senteret viser at over 50% opplyser at senteret er svært viktig for val av reiserute, vel 1/3 opplyser at det er svært viktig ved val av reisemål. Rundt ca. 20% meiner at senteret ikkje er viktig i det heile for deira val av reiserute og reisemål. Ut frå nytta teori kan ein rekna på ringverknadane utover senteret sine eigne inntekter som

i 2015 er venta å vera ca. 9,8 mill.

Eidfjord kommune sine samla historiske investeringar i HNE AS er ca. 67,0 mill.
- Tilskot frå andre ca. 9.0 mill.
- Forskottsbetalt husleige frå HNE AS 13,8 mill.

44,2 mill.
+ ny kapital 2015 12,5 mill.
Samla investeringskapital frå Eidfjord kommune 1994-2015 56,0 mill.

Eidfjord kommune registrerer at det ikkje lenger vert reist tvil om at senteret har viktige regionale funksjonar som attraksjon i reiselivet, statleg autorisert nasjonalparksenter for Hardangervidda og ikkje minst eit utstillings og informasjonstilbod med profilering av norsk natur og miljø.
Erfaringa til eigar av senteret Eidfjord kommune frå 1995 til 2015 er at administrasjon og styre i senteret både kan og har måtta utvikla ein konkurransestrategi utanfor den nasjonal, politiske verkelegheita. Dersom senteret skulle vore avhengig av å venta på realiseringa av dei strategiske politikk måla som er sett i stortingsmeldingar frå Samferdsel, Miljøvern og Nærings- departementa ville det vore vanskeleg om ikkje umogeleg å oppretthalda drifta i 20 år. Resultatet er at Eidfjord kommune i stor grad åleine har investert i senteret for å fjerne gapet mellom den praktiske verkelegheita og den overordna politiske målsetninga.
I tillegg til Eidfjord kommune med investert kapital ca. 56 mill. har følgjande instansar bidrege til realiseringa av senteret: Innovasjon Norge, Hordaland Fylkeskommune, Miljøverndepartementet, SNO og Statkraft med ca. 90 mill.

**Prosjektorganisering**
Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS med administrasjon og styret har ansvaret for drift av senteret organisert gjennom eit 100% eigd kommunalt selskap, eigar Eidfjord kommune.
Selskapet HNE AS er leia av adm. dir Oddvar Brakestad og styret er samansett slik som er prosjektansvarleg.

Anna Marie Langeland- styreleiar
Aslak Lægreid
Stein Lier-Hansen
Helge Møller
Hilde Charlotte Solheim

**Samarbeidspartnarar**
Desse er omøkte som finansieringspartnarar saman med Eidfjord kommune:
Innovasjon Norge; Hordaland Fylkeskommune; Sparebankstiftinga Hardanger; Miljødirektoratet; Miljøverndepartementet; Sparebanken Vest; Gjensidigestiftinga.

**Aktivitetar**
Hardangervidda Natursenter Eidfjord skal i framtida vera eit opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø som er lokalisert til Hardanger.
Senterets formål er å samle og spreie kunnskap om samspelet i naturen og relasjonane mellom natur og menneske. HNE skal skapa eit nært møte mellom mennesket og naturen.
Tema for utstillingane er norsk natur, klima og miljø.

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNH)

Det er beslutta at senteret skal ha nasjonal betyding og det betyr at fokuset endrast frå Hardangervidda til eit meir heilheitleg fokus på Norge og norsk natur, klima og miljø,

Finansieringsplan

| | |
|---|---|
| Eidfjord kommune | 12,5 mill. |
| Innovasjon Norge | 2,0 mill. |
| Hordaland Fylkeskommune | 2,0 mill. |
| Sparebankstiftinga Hardanger | 2,0 mill. |
| Miljødirektoratet | 2,0 mill. |
| Miljøverndepartementet | 3,0 mill. |
| Sparebanken Vest | 1,5 mill. |
| Statkraft | 1,0 mill. |
| Gjensidige stiftelsen | 1,5 mill. |
| Sum kapital kr. | 15.0 mill. |

Oversikta viser dei instansar som vert omsøkt for bidrag til det nye tiltaket.
Det ligg føre vedtak i Eidfjord kommunestyre om løyving til tiltak med kr. 12,5 mill. samt 1,0 mill. frå Miljødirektoratet.

**Målgrupper**
Målgruppe og opplevingsmål
Dei besøkande til HNE er stort sett turister på veg til eller frå Bergen/Oslo, Vestlandet, Hardangerfjorden og Sognefjorden. Det er eit voksent publikum, barnefamiliar og skuleelever er mindretall.
Besøket fordeler seg i dag omtrent slik:

- Norske og utenlandske individuelle turister (bilturister) 65-70%
- Norske og utenlandske turister (turbuss/cruise), 25-30%
- Skoleelever og utdanningsinstitusjoner, 5%

**Resultat**
For å oppnå dei strategiske måla må me treffe målgruppene ved å sikre at «nye HNE» vert eit opplevingssenter som appellerer til sansane, trigger gode følelsar og skaper sterke relasjonar mellom mennesket og naturen. Senteret skal bli kjent som et sted man må oppleve om man er turist i Norge.
Overordna opplevingsmål er:

- Opplevelse: «Utenom det vanlige»

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNH)

- Fascinasjon: "Norsk natur er vakker og storslått"
- Nærhet: Beundring og begeistring av naturen»
- Engasjement: "Verdsette naturen»

Eit besøk på Hardangervidda Natursenter Eidfjord skal og tilføre noko ekstra til opplevinga ein får ute i naturen. Formidlinga må spela på følelsar og skape dei gode assosiasjonane og beundring. Gjennom omsluttende og kraftfulle opplevelser skal dei besøkende bli fascinert over det vakre og storslåtte i norsk natur. De skal føle at de selv har et nært forhold til naturen, og inspireres til engasjement for at naturen har stor verdi.
Eit nyskapt tilbod i Norsk Natursenter vil vera suplement og komplementera Båtruta på Hardangerfjorden med 6000 gjester , Cruisdestination Hardangerfjord med 70.000 gjester. Det nye senteret vil også vera eit sterkt trekkplaste til Hardanger i samverknad med Nasjonale Tursstvegar si satsing av over 200 millionar kroner på Vøringsfossen som destinasjon.

**Effektar**
Då utstillingen åpna i 1999 var den Norges beste naturutstilling med innovativ bruk av teknologi og moderne utstillingsdesign. Det overordna målet er fortsatt å være det beste senteret i Norge på formidling av naturinformasjon. Det må leggjast til grunn at forventingane til gjestene i perioden 2016-2028 (forventa levetid på utstillinga) kjem til å stille krav til bruk av tid og ønske om gode opplevingar gylne øyeblikk « i langt større grad en det vi har opplevd i nåværende utstillinger og driftsperiode 1999-2015. Det store spørsmålet er korleis tema norsk natur, klima og miljø skal formidles og naturligvis spisses i senteret i sin helhet. Denne oppgaven må sees i eit overordna perspektiv og spørsmålene om kva som er relevant budskap-diskusjon-dagsaktuelt frå 2016-2028?

# Tids- og kostnadsplan

**Tidsplan**

Kontraktsignering desember 2015.
Planleggingsperiode og forproduksjon til november 2016.
Byggjeperiode til mars 2017.

**Budsjettplan**

| Tittel | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bygningsmessige endringar | 2 000 000 | | | | | 2 000 000 |
| Konkurransetilbod Sarner Totalleveranse | 22 000 000 | | | | | 22 000 0 |
| Uføresett | 1 000 000 | | | | | 1 000 000 |

**SUM 25 000 000**

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eidfjord kommune | 12 500 000 | | | | | 12 500 0 |
| Gjensidigestiftinga | 1 000 000 | | | | | 1 000 000 |
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland | 2 000 000 | | | | | 2 000 000 |
| Innovasjon Norge | 1 500 000 | | | | | 1 500 000 |
| Miljverndepartementet | 3 000 000 | | | | | 3 000 000 |
| Miljødirektoratet | 2 000 000 | | | | | 2 000 000 |
| Sparebanken Vest | 1 000 000 | | | | | 1 000 000 |
| Sparebankstiftinga Hardanger | 2 000 000 | | | | | 2 000 000 |

**SUM 25 000 000**

**Geografi**

1200-Hordaland

**Vedlegg**

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNH)

| Dokumentnamn | Filstorleik | Dato |
|---|---|---|
| Melding om vedtak EK.pdf | 488 588 | 30.09.2015 |
| Signert kontrakt Sarner & HNE.pdf | 1 926 682 | 30.09.2015 |
| Strategi 1.pdf | 2 012 522 | 30.09.2015 |
| Søknad Hordaland Fylkeskommune.pdf | 6 102 888 | 30.09.2015 |
| Økonomisk oversikt HNE AS.xlsx | 17 238 | 30.09.2015 |